

Allergiar ved skule og SFO

Her kan du finne [Informasjon frå helsedirektoratet](#)

Vi forbetrar våre rutinar i forhold til allergiar ved Kleppe skule.

Det er ein del elevar ved skulen som har ulike allergiar. For at vi skal kunne følgje opp elevar med allergi på best mogleg måte er det viktig at vi har god informasjon om kva eleven er allergisk mot, kva for nokre reaksjonar vi kan forvente ved eksponering, og kva vi skal gjere ved eventuelle reaksjonar.

Det er viktig at alle allergiar og intoleransar som skule og SFO skal ta omsyn til, dokumenterast med ein erklæring frå lege. Vedlagt skjema “min matallergi” (henta frå Helsedirektoratet.no) skal fyllast ut så nøyaktig som mogleg, helst saman med lege. Skjemaet skal deretter leverast til skule eller SFO så raskt som mogleg. **Også periodevise utprøvingar skal dokumenterast med erklæring frå lege.** Viss de ikkje har bilete heime som kan brukast på skjemaet kan vi fikse det på skule/SFO. **Hugs å alltid gi oss skriftleg beskjed om endringar i allergiar/intoleransar, nye allergiar, endringar i reaksjonar eller medisinar** då det må skrivast inn på skjemaet som er levert til skulen. Skjemaet sendes heim igjen kvar sommar slik at føresette kan sjekke at alt er riktig, og levere tilbake oppdatert versjon. Er det ingen endringar kan skjemaet leverast tilbake som det er.

Skjemaet vil leggast i Visma Sikker Sak, samt kopierast og oppbevarast på lærarane sitt arbeidsrom samt der elevane har økt sjans for å kome i kontakt med allergener, for å sikre at informasjonen er lett tilgjengeleg for dei som treng han.

Send ferdig utfylt skjema til skulen på mail saman med legeerklæring eller skriv ut og lever skjemaet i papirformat til oss.

Helsing oss ved Kleppe skule

Oppdatering allergiar

Då er det på tide å sjekke at informasjonen som skulen har om ditt barns allergi/intoleranse er riktig. De får difor heim igjen skjemaet “min mataallergi” som de har fylt ut tidlegare for å sjekke det.

Viss alt er som før kan de levere skjemaet tilbake uendra. Viss det er endringar leverer de eit nytt oppdatert skjema digitalt. Hugs at **nye allergiar og intoleransar som skule og SFO skal følgje opp** **krev ny legeerklæring.**

Helsing oss ved Kleppe skule